



## **Forskrift til ordensreglement for grunnskulane i Skodje kommune**

Vedtatt: Kommunestyret 12. April 2011

### **1. INNHALD**

#### **§ 1 Heimel**

Med heimel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) skal Skodje kommunestyre fastsetje forskrift til felles ordensreglement for grunnskulane i Skodje kommune

#### **§ 2 Føremål**

Skodjeskulen skal vere prega av samarbeid, trivsel, respekt og medansvar. Ordensreglementet for skulane i Skodje er et verktøy for å nå denne målsetjinga og for å sikre at skulesamfunnet skal vere ein stad der alle trivs og får høve til å lukkast.

#### **§ 3 Verkeområde**

Ordensreglementet omfattar alle grunnskulane i Skodje kommune. I tillegg til eit felles reglement, har kvar enkelt rektor mynde til å gje utfyllande ordensreglar tilpassa den einskilde skule.

Fellesreglementet kan ikkje fråvikast. Rektor fastset skulen sine lokale reglar etter høyring i skulen sine medverknadsorgan.

Ordensreglementet inneheld reglar for åtferd, reglar for kva for tiltak som skal nyttast mot elevar som bryr reglementet (sanksjonar), og reglar for framgangsmåte når slike saker skal handsamast (sakshandsamingsreglar).

Ordensreglementet gjeld for alle aktivitetar i regi av skulen, uavhengig av stad.

Ordensreglementet gjeld og skulevegen så langt den einskilde skule vert gjort kjend med uakseptable hendingar.

## 2. REGLAR OG SANKSJONAR

### §4 Generell orden og åtferd

Som elev har du både rettar og plikter:

1. Du har rett på:

- Å verte behandla på ein ordentleg måte
- Å vere fri for fysisk, psykisk og verbal plaging/mobbing
- At andre viser deg respekt og lar dine eigendelar vere i fred
- Eit godt lærings og skulemiljø
- Arbeidsro i timane
- At lærar og tilsette grip inn og reagerer mot mobbing

2. Du har plikt til å:

- Behandle andre på ein ordentleg måte
- Ikkje plage, sjikanere eller mobbe medelevar og vaksne, korkje fysisk, psykisk eller verbalt
- Vise andre respekt og la deira og skulen sine eigendelar vere i fred
- Ta godt vare på alt som tilhøyrrer skulen, både ute og inne, og stelle pent med undervisningsmateriell
- Halde arbeidsro i timane og vise respekt for undervisninga
- Arbeide for eit godt læring og skulemiljø
- Vere førebudd til opplæringa
- Vere punktleg og følgje opp arbeid som skal gjerast
- Ha med nødvendige læremiddel og utstyr

3. Ulovleg åtferd.

Hærverk, vald, mobbing, rasistiske utsegn og handlingar, seksuell trakassering, sjikane pga livssyn, religion eller seksuell legning er ikkje tillate.

4. Farlege gjenstandar.

Det er ikkje lov å ha med våpen eller farlege gjenstandar som ein kan skade seg sjølv eller andre med.

5. Rusmiddel.

Det er forbode å bruke, oppbevare eller omsetje rusmiddel. Dette gjeld tobakk, snus/skrå, alkohol, narkotika eller andre rusmiddel

6. Juks.

Ved juks eller forsøk på juks i samband med skularbeid skal einingsleiar bestemme at arbeidet vert annullert og/eller nytte andre sanksjonar

7. Skulane kan i samarbeid med heimen ta med reglar om bruk av mobiltelefon i sine lokale ordensreglar

## **§5 Sanksjonar ved brot på ordensreglementet**

### **1. Kontroll**

Dersom ein har mistanke om tjuveri eller brot på §4, pkt 4 og / eller pkt 5 kan skulen si leiing foreta ein kontroll av eleven sine eigendelar, td. sekker og vesker, samt oppbevaringsstader som elevane disponerer, td., garderobereskap, bokskap ol.

### **2. Sanksjonar**

Før alvorlege refsingstiltak vert sett i verk, har eleven krav på å forklare seg munnleg til den/ dei som skal fatte vedtaket. Eleven har i møte med skulen rett til å ha med seg ein person.

Det er berre dei / den eleven som har gjort seg skuldig i regelbrot som kan refsast. Kollektiv avstraffing er ikkje tillate.

Elevane skal vere kjende med konsekvensane av regelbrot.

### **3. Straffbare forhold**

Dersom det er grunnlag for mistanke om straffbare forhold, skal skulen be om bistand frå politiet til å gjennomføre kontroll eller andre tiltak. Dette gjeld forhold som tjuveri, skadeverk, vald, trugsmål, tvang, narkotika, rasistiske utsegn og handlingar, seksuell trakassering, sjikane på grunn av religion eller livssyn ol.

Eleven sine foreldre/føresette skal om mogeleg verte varsla munnleg samstundes som politiet vert kontakta. Foreldre/ føresette skal ha skriftleg varsling om at det er søkt om bistand frå politiet. Straffbare forhold skal meldast til politiet. Dersom den fornærma er ein elev, avgjer eleven/ foreldre/føresete , om saka skal meldast.

Rådmannen melder saka.

### **4. Erstatningsansvar**

Ved bevisst skade eller skadeverk på skulen sin eigedom og utstyr kan eleven, i tillegg til sanksjonar jmf ordensreglement, bli gjort erstatningsansvarleg, jf. Skadeerstatninglova §1-1.

Foreldre/føresette er erstatningsansvarlege etter skadeerstatningslova §1-2

Det same gjeld ved tap eller øydelegging av bøker og anna utstyr. Skulen skal og reagere dersom elevar øydelegg eigendelar til andre elevar/tilsette

## **5. Disse tiltaka kan nyttast ved brot på ordensreglane**

1. Munnleg irrettesetjing
2. Munnleg melding til foreldre/føresette
3. Skriftleg melding til foreldre/føresette
4. Nedsett karakter i orden og åtferd
5. Inndraging av gjenstandar som vert nytta på ein farleg, provoserande eller krenkjande måte, Inndregne gjenstandar kan leverast tilbake til foreldre/føresette. Ulovlege gjenstandar vert overlevert til politiet. Ulovlege rusmiddel vert overlevert til politiet
6. Erstatningsansvar
7. Pålegg om oppgåver for å rette opp skade elevane har påført skulen sin eigedom eller eigedelar ( rydde, vaske, fjerne tagging e.l.)
8. Mellombels eller permanent flytting til anna klasse/ gruppe
9. Individuelt undervisningsopplegg
10. Utestenging av enkeltelevar frå spesielle arrangement og aktivitetar
11. Melding til politiet ved straffbare forhold

Sanksjonane knytt til pkt 4. og til og med pkt. 11. skal gjerast i form av einskildvedtak

## **6. Bortvising**

Ved grove brot på ordensreglementet, kan elevar på :

8.- 10. trinn visast bort frå undervisninga i inntil tre dagar

1.-7. trinn visast bort frå undervisninga for enkelttimar og resten av dagen

Det er kun rektor som kan fatte einskildvedtak om bortvising. Dette skal gjerast etter rådføring med læraren til eleven. Før eit slikt vedtak vert fatta, skal ein ha vurdert å nytte andre hjelpe eller refsingstiltak. Eleven skal gjevast høve til å forklare seg munnleg. Foreldre/ føresette til elevane skal ha varsel før bortvising vert sett i verk

## **7. Flytting til annan skule**

Når omsynet til dei andre elevane tilseier det, kan ein elev i særlege tilfelle flyttast til ein annan skule enn den skulen eleven har rett til å gå på etter første leddet. Før det vert fatta vedtak om å flytte ein elev, skal ein ha prøvd andre tiltak, jmf. Opplæringslova §8-1, 3 avsnitt

Rådmannen fattar vedtak

## **8. Ugyldig fråvær**

Den einskilde skule fastset reglar for fråvær i sitt ordensreglement. Dersom eleven er borte frå skulen i meir enn tre dagar i strekk, skal heimen kontakte skulen.

# **3. SAKSHANDSAMING**

## **1. Generelt**

Sakshandsaming ved brot på ordensreglementet skal følgje reglane i opplæringslova §2-9, samt reglane i forvaltningslova, kap III og kap VI gjeldande for einskildvedtak

## **2. Høyring**

Ordensreglementet er ei forskrift etter forvaltningslova §2, og skal følgje reglar om at aktuelle partar/organisasjonar skal gjevast høve til å uttale seg før forskrifta vert vedteken, jmf, Forvaltningslova §37

## **3. Kunngjering**

Denne forskrifta trer i kraft frå og med 01.08 2011

Ordensreglement for skulane i Skode, både felles og lokale reglement, skal gjerast kjend for elevar, foreldre/ føresette og tilsette kvart år ved starten av skuleåret. Reglementet skal til ei kvar tid vere tilgjengeleg på kommunen sine heimesider

Vedlegg:

## **Særlege ordensreglar for Skodje ungdomsskule**

Desse punkta kjem i tillegg til den kommunale forskrifta, *Forskrift til ordensreglement for grunnskulane i Skodje kommune*.

### **Reglar**

#### ***1. Bruk av mobiltelefon***

- Det er ikkje lov å bruke mobiltelefon i undervisningsøktar. Å ta imot oppringing eller melding vert rekna som bruk. (Må vere stilt inn på "stille modus")
- Bruk av mobiltelefon som fotoapparat eller videooptakar er ikkje lov utan at lærar har gitt løyve til det.

#### ***2. Skuleområdet***

- Elevane skal halde seg på skuleområdet i skuletida når ikkje anna er sagt. Som skuleområde reknar vi områda mellom vegane (nord og sør for skulen) avgrensa av Gomerhuset og skulebygget. Det er lov å opphalde seg i ballbingen.
- Sykling er tillate på vegen nord for skulen.
- Unntak for denne regelen er sjølvstund når undervisningsopplegget føreset det.

#### ***3. Fråvær***

- Det er utarbeidd eigen rutinebeskriving ved fråvær. Denne skal følgjast som ein del av ordensreglementet.

#### ***4. Godteri og brus eller liknande***

- Det er ikkje tillate å drikke brus eller energidrikkar, eller ete godteri på skulen/i skuletida. Ved særskilde høve kan lærar likevel gi løyve til det.

### **Sanksjonar**

- Sanksjonane i den kommunale forskrifta gjeld.
- Ved ulovleg bruk av mobiltelefon, vert denne inndratt for resten av skuledagen. Dersom vektige grunnar tilseier det, kan rektor avtale andre løysingar, som forbod mot å ta med mobiltelefon til skulen.

Behandla i samarbeidsutvalet 15.05.14